



Vang kommune

post@utmarksplan.no

Dykkar ref.:

Vår ref.:

FLAKRI-2022004537 -2

Arkiv:

K2-K01, GBNR-
9002/25

Vår dato:


19.06.2026

Saksnr.	Utval
095/26	Hovudutval for utvikling

Løyve til bruk av helikopter gbnr. 9002/25

Vang kommune har den 11.06.2026 motteke søknad frå Knut Vidar Svanheld om løyve til bruk av helikopter for transport av utstyr og materialer til fiskebu på øye Grøna ved Grønevatnet i Grøna sameige(gbnr. 9002/25). Det skal flys 5 turar inn og utan landing på ved fiskebua(bruker line).

Det skal flys frå parkeringsplass ved Grunebrune, og det er tatt kontakt med SSV for stenging av parkering i eit døgn. Planen er å fly søndag 21. juni.



Relevant lovverk:

- Motorferdselloven
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- Forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag, Vang kommune, Oppland
- Rundskriv t-1/96
- Naturmangfoldloven

Vurdering:

Lokal forskrift: «Landing og start med luftfartøy er tillatt på vatna Otrøvatnet, Tyin, Bygdin og Vangsmjøsa. Dette gjeld både på ope og islagd vatn. På Tyin er det likevel ikkje lov å lande innafor ei sone på 3 km frå Tyinosen (avgrensing Smogelva og Reikesteinsøddin). Vang kommune kan etter søknad gje løyve til andre landings-/startplassar når særlege grunnar ligg føre.»

Det går ikkje veg inn til hytta og einaste moglegheit for transport er scooter på vinter og helikopter. Helikopter er ein «enkel» og god løysing som ikkje gir sår i terrenget ved transport. Det er derfor rekna som ein god driftsmessig løysing jamfør naturmangfoldloven §12, så lenge dette ikkje unaudivg forstyrrar dyrelivet.

Området rundt og mellom start og landingsplass inneheld fleire raudlista artar. Registrerte artar er Fiskemåke(VU), Bergand(EN), Granmeis(VU og Grønnpink(VU). Juni er hekkeperiode for mange artar og dette må da tas hensyn til. Det bør flys så høyt det lar seg gjere for å forhindre unødvendig konflikt med hekkende artar.

Mai-juni er også kalvingsperioda for rein, og området er innafor Filefjell reinlag sitt beite. Det blir vurdert til at transporten ikkje vil skape konflikt med tamreinlaget. Det anbefalast likevell at søkar tar kontakt med reinlag for nødvendige avklaringar.

Kunnskapsgrunnlaget er rekna som godt i området jamfør naturmangfoldlova § 8. Kommunen nyttar derfor ikkje føre-var prinsippet jamfør § 9. Tiltakshaver skal dekke kostnadane ved å hindre eller begrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til jamfør § 11. Kommunen vurderer at transporten er ei driftsmessig god løysing jamfør § 12.

Kommunen konkluderar med at ein kan gi løyve for helikoptertransport 5 turar inn til Grøna i perioda 19 – 21.juni 2026 til og med august. Dersom ferre turar er mogleg, er det ynskja. Kommunen ynskjar nærmare beskjed om når ein skal gjennomføre transporten.

Det søkast også om ein tur for å hente søppel, utstyr og restmaterialer etter arbeidet er utført. Dato for dette er ikkje satt, og kommunen ynskjer nærare dialog om når dette er planlagt.

Vedtak:

Vang kommune gjev Knut Vidar Svanheld løyve til å nytte helikopter i samband med frakt av materialar til fiskebu ved Grøna.

Løyve gjeld:

- Helikoptertransport frå Grønebrune ved E16 inn til fiskebu ved Grøna.
- 5 turar inn til Grøna i tidsrommet 19-21.juni 2026.
- 1 tur for å hente søppel, utstyr og restmaterialet. Dato avklares med kommunen.
- Det bør så høgt det lar seg gjere med last for å forhindre forstyrrelse av dyre- og fuglelivet.
- Reinlaget før kontaktast for å gjere nødvendige avklaringar ift transporten.
- Løyve skal vere med ved transport og kunne visast fram ved kontroll.
- Grunneigarar skal kontaktast, og det er nødvendig med grunneigars tillating.

Ein gjer merksam på generelle reglar iht. Motorferdsellova:

§ 8: «Motorferdsel i utmark og vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og mennesker.»

§ 10: «Denne lov innskrenker ikke den adgang grunneier og bruker har etter gjeldende rettsregler til å forby eller begrense motorferdsel på sin eiendom.»

§ 12: «Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer denne lov eller forskrifter, regler eller vilkår fastsatt i medhold av loven, eller medvirker hertil, straffes med bøter.»

Vedtaket er fatta med heimel i motorferdselloven § 6.

Ein kan klage på vedtaket jamfør forvaltningsloven § 28.

Med helsing

Kristian Lindseth Flaa

Rådgevar landbruk, natur og miljø

Dir. tf.: 468 13 738

E-post: kristian.lindseth.flaa@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.